



MATEMATIKKSENTERET

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2024

KENGURUKONKURRANSEN

Oppgaver på nynorsk


Ecolier

(4.-5. trinn)



3 poeng


1. Rutenettet har 40 ruter.
Ira har fargelagt ein kolonne.
Ho skal fargeleggje ein kolonne til.



Kor mange ruter kjem då til å vere kvite?

- (A) 8 (B) 12 (C) 15 (D) 24 (E) 30

2. Joey startar i den fargelagde ruta.
Pilene viser i kva retning han skal hoppe.
Talet på piler viser kor mange ruter han skal hoppe. Tre piler vil seie at han skal hoppe over to ruter og lande i den tredje.




Kvar kjem han ut?

- (A) A (B) B (C) C (D) D (E) Han kjem ikkje ut


3. Lina kjøpte tre av leikene på hylla.
Ho betalte til saman 7 euro (€).

Kor mykje kosta den dyraste leika ho kjøpte?




- (A) 2 euro (B) 3 euro (C) 4 euro (D) 5 euro (E) 6 euro


4. Kva for eit kvadrat er delt i to *ulike* former?




(A)




(B)



(C)




(D)



(E)


5. Brannmannen må klatre opp og ned i stigar for å kome opp til brannen.
Han våger ikkje å hoppa.

Kor mange stigar må brannmannen *minst* bruke?



(A) 4 (B) 5 (C) 6 (D) 7 (E) 8







6. Kva for ein bit er størst?



(A) A (B) B (C) C (D) D (E) E

7. Ei katt har rive ned ein kloss frå byggverket til Felix.

Korleis kan byggverket ha sett ut før klossen datt ned?




8. Nokre fotballspelarar står i ein ring.

Dei har nummer 1 til 11.

Nnummer 1 har ballen og sparkar ballen til den tredje spelaren til venstre.

Den som får ballen sparkar ballen vidare etter same mønster, til den tredje spelaren til venstre.

Omgangen sluttar når alle har hatt ballen éin gong.



Kva for eit nummer har den som sist får ballen?


- (A) 7 (B) 8 (C) 9 (D) 10 (E) 11

4 poeng

9. På veggen i kjøkkenet har Alex hengt opp ein plakat.

Kor mange grå ruter er skjulte bak plakaten?

- (A) 15 (B) 21 (C) 25 (D) 30 (E) 35




10. Mona talde frå 1000 med éin om gongen: 1001, 1002, 1003, 1004 ...
Ho tok ein pause og skreiv ned dei tre siste tala ho hadde talt.
Då kom veslebroren og viska bort nokre av siffera.

■■■7, ■898, 48■■

Kva for nokre siffer har veslebroren viska ut?

- (A) 389, 3, 99 (B) 489, 3, 96 (C) 489, 4, 98 (D) 489, 4, 99 (E) 488, 4, 99

11. Tala 1, 2, 4, 5 og 6 skal stå i sirklane.
Det skal stå eit tal i kvar sirkel, og kvart tal kan berre brukast éin gong.
Summen av dei tala som står på same linje, skal vere 11.



Kva for eit tal må stå i sirkelen med spørsmålsteiknet?

- (A) 1 (B) 2 (C) 4 (D) 5 (E) 6

12. I ei skål ligg fem forskjellige frukter:



- Ann liker
- Billy liker
- Carl liker
- Dan liker
- Elin liker

Alle får ei frukt dei liker. Ingen får same frukt som ein annan.

Kva for ei frukt får Billy?

- (A) (B) (C) (D) (E)


13. Summen av tala på dei tre korta er 782.
Nokon har klipt bort ein bit frå kvart kort.




Kva er summen av dei tre siffera som manglar?

- (A) 8 (B) 9 (C) 10 (D) 11 (E) 12


14. Ada har bygd eit tårn med 8 brikker.
Ho tel nedanfrå og tek først bort den andre brikkja.
Frå det nye tårnet tek ho bort den tredje brikkja nedanfrå.
Så tel ho igjen nedanfrå og tek bort den fjerde brikkja.
I det nye tårnet som ho no har, tek ho bort den femte brikkja nedanfrå.



Korleis ser tårnet ut til slutt?



15. Sju kort ligg i fire sirklar som overlappar kvarandre.
På korta står tala 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7.
Summen av tala i kvar sirkel skal vere 10.



Kva for eit tal må stå på kortet med spørsmålsteiknet?

- (A) 1 (B) 2 (C) 4 (D) 5 (E) 7


16. Pingvinen Peter fangar kvar dag 9 fiskar som han gjev til dei to ungene sine.
Kvar dag får éin unge 5 fiskar og éin får 4 fiskar.
I løpet av dei siste dagane har den eine ungen fått 26 fiskar.

Kor mange fiskar har den andre ungen fått?

- (A) 19 (B) 22 (C) 25 (D) 28 (E) 31



5 poeng


17. Lucas set saman brikkene nedanfor til ein larve.
Larven skal ha både eit hovud og ein bakpart, og han kan ha anten 1, 2 eller 3 brikker mellom hovudet og bakparten.



Kor mange forskjellige larvar kan Lucas setje saman?

- (A) 3 (B) 4 (C) 5 (D) 6 (E) 7


18. Biletet nedanfor viser ein del av eit golv som er dekt med to forskjellige fliser:  
Kvart rektangel er 23 cm x 11 cm.



Kor lang er kvar side til den svarte kvadratiske flisa?

- (A) 3 cm (B) 4 cm (C) 5 cm (D) 6 cm (E) 7 cm

19. Lucy veg nokre klossar.



Kor mykje veg dei tre ulike klossane til saman?

- (A) 270 g (B) 280 g (C) 290 g (D) 300 g (E) 310 g

20. Elevane på 4. trinn skal på tur. Dei er 60 elevar, og alle har på refleksvest og har sekk på ryggen. Når dei stiller seg på ei lang rekkje, følgjer refleksvestane mønsteret: grøn, gul, grøn, gul

Ryggsekkane følgjer eit anna mønster: raud, brun, oransje, raud, brun, oransje

Kor mange elevar har både ein gul refleksvest og ein oransje ryggsekk?

- (A) 3 (B) 4 (C) 6 (D) 8 (E) 10

21. Bak same figur står det same sifferet.

Bak forskjellige figurar står det forskjellige siffer.


$$\triangle + \triangle = \square \circ$$

$$\circ + \triangle = \square \square$$

Kva er produktet av $\triangle \cdot \circ \cdot \square$?


- (A) 0 (B) 15 (C) 18 (D) 28 (E) 30

22. Biletet viser ein bikube med 9 celler. I nokre av cellene er det honning. Talet i kvar celle fortel kor mange av nabocellene som inneheld honning. Naboceller er celler som deler ei side.




I kor mange celler er det honning?

- (A) 4 (B) 5 (C) 6 (D) 7 (E) 8

23. Det finst to typar klossar: kvite  og raude 


Med fire kvite klossar eller med ein kvit og ein raud, kan du lage ein liten kube. Med 8 slike små kubar kan du byggje kuban på biletet.



Kor mange kvite klossar må du *minst* bruke for å byggje kuban på biletet?

- (A) 8 (B) 11 (C) 13 (D) 14 (E) 23

24. På bordet står eit stort fat med kaker. Per, Paul og Espen går fram til bordet og tek med seg nokre kaker. Vi veit ikkje i kva rekkjefølgje dei går.



Per tek alle hjarta som ligg att på fatet.
Paul tek alle dei kvite kakene som ligg att på fatet.
Espen tek alle dei store kakene som ligg att på fatet.
Éin av gutane tok 3 kaker, éin tok 6 kaker og éin tok 7 kaker.

Kva for nokre av kakene nedanfor låg på fatet til ein av gutane?

- (A)  (B)  (C) 
- (D)  (E) 